



# Den norske Forfatterforening

Kjære forfattarar

28. juni 2023

Eg vil takke for tilliten som årsmøtet gav meg då eg blei vald som ny leiar for Den norske Forfatterforening i mars. Samtidig vil eg også takke avtroppande leiar, Heidi Marie Kriznik, for arbeidet ho har gjort for foreininga vår og for best moglege vilkår for oss forfattarar. Då Heidi Marie blei takka av som leiar under eit arrangement på Deichman Bjørvika, fekk ho mange lovord frå leiarar hos andre kunstnarorganisasjonar og politikarar, som tidlegare statssekretær Odin Adelsten Anan Bohmann.

Forfatterforeninga har hatt stor innverknad på utforminga av boklova, som blei vedtatt av Stortinget 8. juni 2023. Det var ein historisk og gledeleg dag. Sentralt i boklova står breidde, kvalitet og mangfald i utgjevingar, i tillegg til det å ta vare på forfattar- og lesarinteresse.

Den første månaden som leiar for Den norske Forfatterforening har vore travel og gjevande. Under Kulturytring i Drammen var Forfatterforeninga representert i tre paneldebattar. Den eine handla om sensur i kunsten, i denne debatten deltok blant andre nyleg avgåtte kultur- og likestillingsminister Anette Trettebergstuen og Grunde Kreken Almeland frå Venstre, leiar av kulturkomiteen på Stortinget. Seinare same dag var det debatt om skuleverket skal få definere innhaldet i Den kulturelle skulesekken, der ein tok utgangspunkt i Oxford Research si utgreiing om DKS og Kulturtanken. Tredje debatt handla om digitale plattformer, AI og kulturpolitikk. Kva slags konsekvensar har kunstig intelligens for kunsten? Kva slags kreative yrke er det som overlever, og korleis vurderer vi den kreativiteten maskinintelligensen representerer?

Kunstnarorganisasjonane hadde store forventningar til kunstnarmeldinga, omdøypd til Kunstnarkår, som blei lansert 9. juni. Eg er glad for at Kunstnarkår vil verne og auke talet på arbeidsstipend, at aldersgrensa for seniorstipend blir utvida til 70 år, og at det blir vurdert pensjonspoeng på langvarige stipend. Bra er det også at «institusjonar med statleg tilskot skal rapportere om utbetalt vederlag og honorar til kunstnarar og sjølve føre statistikk», noko DnF spelte inn. Samtidig er Kunstnarkår-meldinga lite konkret når det gjeld pensjon for kunstnarar. Heldigvis skal regjeringa jobbe vidare med å konkretisere tiltak for sosiale rettar for sjølvstendig næringsdrivande og frilansarar.

Forfatterforeningen kjem her til å levere høyringssvar og følgje saka tett til hausten.

Kunstnarkår-meldinga tar også for seg stipendpolitikken. Forfatterforeninga verdset at prinsippet om armlengds avstand og fagfellevurdering blir lagt til grunn. Men vi i sekretariatet, i likskap med andre kunstnarorganisasjonar, er uroa over forslaget i meldinga om gradvis å flytte sekretariatsfunksjonen for komiteane for Statens kunstnarstipend bort frå kunstnarorganisasjonane og til Kulturdirektoratet. Dette er det motsette av armlengdsprinsippet og vil føre til meir byråkratisering, i tillegg vil avstanden mellom forfattarane og sekretariatet bli større. DnF kjem til å følgje opp saka på Stortinget si høyring til hausten saman med resten av Kunstnernetverket.

Vi er blitt kontakta av forfattarar som etterlyser royaltyavrekningar for utanlandssal. Vi har i første omgang kontakta dei tre største forlaga, Cappelen Damm, Aschehoug og Gyldendal, og spurt kva slags rutinar forlagsagenturet har for innhenting av årlege avrekningar frå utlandet, og kva som skjer viss slike avrekningar ikkje kjem. Vi forfattarar er heilt avhengige av at forlaga forvaltar rettane våre på ein god måte. Viss forlaga ikkje har gode rutinar for avrekningar og betalningar frå utlandet, har vi bedd om stadfesting på at det blir gjort noko for å få dette på plass. Vi vil oppmode alle forfattarar med bok omsett til anna språk om å sjekke at de har fått avrekningar for utanlandssalet. Ta kontakt med forlaget viss de manglar årlege avrekningar.

Forhandlingane om ein ny normalkontrakt med Forleggerforeningen held fram. Den norske Forfatterforening, Norske Barne- og Ungdomsbokforfattere og Forfatterforbundet forhandlar saman, og samarbeidet mellom dei tre forfatarorganisasjonane er godt. Forfattarsida har gitt forleggarane frist til 10. august med å svare på sentrale punkt.

Til slutt: Medan eg har skrive på dette leiarbrevet, kom meldinga om at Anette Trettebergstuen går av som kultur- og likestillingsminister. Forfatterforeninga vil takke Trettebergstuen for det gode arbeidet med boklova og for å setje i gang arbeidet med ein leselyststrategi. Som statsråd har ho vist engasjement og kunnskap om bokbransjen og korleis det er å vere forfattar med pressa økonomi. Blant anna viser lovnaden om å verne og styrke talet på arbeidsstipend i Kunstnarkår dette tydeleg.

Vi vil samtidig gratulere Lubna Jaffery som ny kultur- og likestillingsminister, og gler oss til å samarbeide med ny politisk leiing i departementet.

I ei uroleg og pressa tid for alle, ikkje minst for forfattarar, som ikkje kan forhandle om auka løn med ein arbeidsgjevar, er det viktig å sjå verdien av å ikkje gjere endringar i ein velfungerande litteraturpolitikk, men heller verne og styrke det som allereie i dag fungerer så godt, slik at norske forfattarar kan halde fram med å skape litteratur av høg kvalitet.

Til slutt vil eg opplyse om at sekretariatet er stengt i juli. Eg ynskjer dykk ein god sommar og god skrivetid.

Beste helsing Brynjulf